



Langesund Rotaryklubb

Rotary
Distrikt 2290




Møtereferat

– Veke 4, 26. januar 2022 –

Denne onsdagen møttest vi i messa på Bamble videregående skole, til eit fellesmøte med Brevik RK, der elevar presenterte årets ungdomsbedrifter.

Møtet begynte med at president Tor Suhrke la fram ein del fakta om Rotary – TRF, «Hva gjør Rotary», «End Polio Now». Leiaren i Ungdomskomiteen, Kjersti Martinsen, fortalde om arbeid og aktivitetar for ungdom i Rotary – ungdomsutveksling, internasjonale sommarleirar, RYLA og Georgia-stipend.



Vår medlem Anniken Ausen, som underviser ved Bamble vgs, presenterte dagsordenen og introduserte dei to ungdomsbedriftene – Blue Light UB og Termo UB. Kvar bedrift, med fire elevar, fekk to minutt til ein «pitch» – ein kort prosjektpresentasjon.

Blue Light UB gjekk ut på å lage eit filter til å setje på ein mobiltelefon for å få bort det blå lyset som fører til søvnproblem, hovudpine og nedsett syn.



Termo UB presenterte ein plan for å lage ein termos med oppvarmingskomponent driven av oppladbare batteri. Dei la òg fram ein prototyp.

Etter pitchane var det samtalar med elevane ved dei to borda der vi rotarianarar sat. Dette blei avslutta med ei tilbakemelding frå ein representant for kvart bord – Espem Hoell frå Langesund og Ingrid Berget frå Brevik.

Siste punkt på programmet var **utdeling av prisar** – alle på kr. 500. Begge bedriftene fekk ein deltakarpris. Termo UB fekk prisen for beste forretningsplan. Endeleg var det avstemming blant rotarianarane om beste pitch og beste UB. Blue Light UB fekk prisen for beste pitch og Termo UB for beste UB.

Eit interessant møte med mykje nytt for ein som ikkje hadde vore med på slikt før!

Langesund, 27. januar 2022, Rolf Theil.

